



KORLEIS SÅG KROSSKYRKJA UT ?



Ei gamal teikning av krosskyrkja (1826 - 1885). Denne teikninga er modell for eit av takmåleria i storsalen på Elvarheim, måla av Ragnvald Einbu. Prestegardshusa til venstre på teikninga blei reist i 1784, etter initiativ frå presten Hans Mathias Abel. (Farfar til matematikaren Niels Henrik Abel).



Interiørteikning av krosskyrkja etter ei skisse gjort av forfattaren Engvald Bakkan i 1928. Opplysingane om den innvendige utforminga fekk han av faren, bygdehistorikaren Olaf Salvesen. Der var hengsla dør inn til benkane, der kvar gard hadde sin faste plass. Dei fattigaste sat på galleriet(trevet).

KYRKJER PÅ DENNE TOMTA.

- Truleg var denne tomta eit norrønt gudehov under garden Åmli. Etter å ha reinska ut gammalt utstyr og omgjort/ombygd bygningen til kyrkjeleg bruk - kanskje som stavkyrkje - kom den fyrste kristne presten her på slutten av 1100 - talet. Det var jordgolv og ikkje benkar å sitje på. Kyrkjelyden stod under messa, som var på latin. Altarbordet var truleg ein flat stein. Vanleg utstyr var kalk(staup) og disk(tallerken) til nattverden, ei eske til oppbevaring av hostien(altarbrødet) og eit par kannar - ei til altavinen og ei til vie-vatnet. Elles var det døypefat, messeklær og missale(altarbok). På Riksarkivet ligg "Åmli - missalet" frå denne fyrste tida. Kyrjeklokke var det truleg alt frå byrjinga.
- Den eldste inventarlista er frå 1624 - mellom anna sylv- og messingutstyr.
- I eit reikneskap frå 1670 - åra møter me ein tidstypisk utgiftspost : "For Gabestokken at gjøre ferdig - 3 ort."
- Etter den store nordiske krig selte kongen dei norske kyrkjene, og Åmli kyrkje var i privat eige i perioden 1724 - 1818.
- Mellom den fyrste bygningen og krosskyrkja var det truleg ei lita langkyrkje.
- Krosskyrkja vart bygd i 1822 - 1826. Vindfløyen frå dette kyrkjespiret står på flaggstonga i prestegarden i dag. Det var ikkje ovn. Sjå illustrasjonane.
- Kyrkja flytta i 1885 til nåverande tomt. Denne brann ned i 1907.

PRESTAR VED DENNE KYRKJA.

FRÅ KATOLSK TID:

1435 Sira (prest) Paul Magnusson
1487 Sira Jon Aslaksson


ETTER REFORMASJONEN:

4 ukjende, der ein blei drept og dei andre plaga hardt av bygdefolket.
1577 og 1599 Jens Droby
1613 Jacob Claussøn
1619 og 1646 Arild Knudssøn Brems. Runesteinen nemnt i hans tid.
1657 og 1665 Lars Gabrielsen Lind. Kanskje forfattere av "Gangseivisa".
1676 - 1708 Herman Hansen Turrimontanus
1708 - 1739 Niels Pedersen. Kjøpte alle 4 kyrkjene i prestegjeldet privat.
Gravlagt her.
1739 - 1776 Christian Andersen Huus. Fengsla Inger og Knut Mjaavasstøyl som
kapellan. Laga fyrste skuleordning i Åmli i 1745.
1777 Heinrich Abel
1778 Ludvig Christoffer Grøn } Desse to var brør,
1779 Johan Hansen Grøn } og er gravlagt her.
1779 - 1784 Hans Mathias Abel. Farfar til matematikaren Niels Henrik Abel.
1785 - 1790 Iob Dissingtho Vahl. Svoger til Johan Herman Wessel.
1790 - 1811 Paul Dürendahl. Skipa Åmli folkeboksamling i 1802. Den eldste
synlege gravhella her på kyrkjegarden er etter 1. kona. (Sjå eiga plakat.)
1812 - 1817 Ole Bech Moss
1817 - 1823 Claudius Martini
1824 - 1841 William Arbo
1842 - 1854 Iver Anton Rummelhoff. Ordførar i Åmli 1839 - 1853. Drivkrafta
for den fyrste køyrevegen. Fyrste Stortingsmann frå Åmli.
1854 - 1863 Ivar Hirschholm Bentzen. Forfattar på si. Inspirerte kanskje Henrik
Ibsen (Terje Vigen) og Gabriel Scott (Jernbyrden).
1863 - 1870 Peter Olivarius Bugge
1870 - 1878 Peder Samuel Beylegård. Ordførar i Åmli 1872 - 1878. Gravplater
etter 2 av borna her på kyrkjegarden.
1878 - 1889 Fredrik Martinus Sten Berner. Siste prest på denne tomte, kyrkja
flytta i 1885.

RUNESTEINEN.

På denne plassen stod det ein runestein omlag 2,5 m høg. Denne var truleg frå 1100 - talet. Dette har ein kome fram til ved tolking av den type runeskrift som var brukt. Då krosskyrkja blei påbyrja i 1822, blei steinen slått i stykker og brukt i grunnmuren ! Heldigvis har me to gamle registreringar av korleis steinen såg ut. Den eldste er i frå 1639, gjort av biskop Wegner og er attgjeve i faksimile nedanfor. I tillegg var den tyske runeforskaren Martin Friedrich Arendt her i 1805 og gjorde tilsvarande notater.

Biskop Wegner si teikning og tekst :



Runeinnskrifta er av typen reisingsformel og tyder : " (---) reiste denne steinen etter (---)". Namna var altså borte både hos Wegner og Arendt.

DET ELDSTE SYNLEGE GRAVMINNE.

På denne mosegrodde steinhella står det:

"Herunder hviler Præstekone Mad. Martha Dürendahl, fød Wilhelmi, september 1765, død 23. april 1804. Begrædt og velsignet af Mand, to Børn og Menigheden."

Ho var frå København og dotter til hoffbokbindar J. T. Wilhelmi. Ektemannen, prest Paul Dürendahl, gjekk i lære hos far hennar, og slik treftes dei. Seinare tok han teologisk embedseksamen, og same året, 1789, blei han prest i Åmli.

Opphavleg var han frå Risør. Han blei verande i Åmli i 21 år. Var kjent for å vere rasjonalist og motstandar av Hauge-rørsla. Stifta Åmli folkeboksamling i 1802. Blei prost i Råbygdelagets prosti i 1806. Kyrkja i Gjøvdal blei bygd i 1807, og på kyrkjefløyen der står initialane hans P.D.D.



OPPGÅVER – GAMLE KYRKJEGARDEN

1. Kva var spesielt for korleis folk var plassera i den gamle krosskyrkja?
2. Kor kan ein sjå den gamle vindfløyen frå 1826 i dag?
3. Kvifor var kyrkja ei stund i privat eige?
4. Kva var våpenhuset?
5. Kva heitte presten som fekk fengsla Inger og Knut Mjåvasstøyl?
6. Kva heitte presten som blei fyrste stortingsmann frå Åmli?
7. Kor blei det av den gamle runesteinen?
8. Kor gammalt er det eldste synlege gravminnet?
9. Kven ligg begrave der?
10. Kor mange gravstøtter/plater kan du finne her i alt?

